



Folkemøte prosjekt «Flatdal skule»

Torsdag 22.4.2021 kl. 19.00-21.00.

Møtet blir gjennomført digitalt grunna smittevernssituasjonen. Bruk denne lenka for å ta del i møtet:

[Klikk her for å bli med på møtet](#)

Ved innlogging må du skrive inn namnet ditt. Anonyme deltakarar vil bli avvist.

Møteleiar vil dempe mikrofonen til alle deltakarane i innleiinga. Du kan rekke opp handa eller skrive i «chatten» dersom du har spørsmål. Varaordførar er ordstyrar.

Du kan bruke smarttelefon, nettbrett og PC.

Ordførar er møteleiar og har med prosjektleiar og kommunalsjef.

1. Vel møtt ved ordførar.
2. Status for arbeidet ved prosjektleiar.
3. Innspel, spørsmål og svar.

Om forprosjektet:

Prosjektet blir avslutta i kommunestyret den 17.6.2021 med tilråding frå rådmannen. Prosjektleiar vil også orientere kommunestyret om status for arbeidet i møte 29.4.2021. Vi minner difor om at ein også kan fylgje kommunestyremøte via kommunen sine heimesider.

Seljord kommune er takksame for gode idear, tankar og meiningar om arbeidet. Innspel kan også sendast direkte til prosjektleiar Tommy Lauvstad på e-post tommy.lauvstad@seljord.kommune.no

Helsing ordførar Beate Marie Dahl Eide